

Carol Dweck

Growth Education Across A Whole Community

Ein konferanse om vekst gjennom læring, og om korleis ein kommune kan skape felles fokus og energi i sine skular og barnehagar gjennom målmedviten satsing

Arrangør

Flora kommune James Nottingham Barry Hymer

Carol Dweck

Høgt verdssett som ein av verdas leiande forskarar på området personlegdom, sosialpsykologi og utviklingspsykologi. Teoriane hennar om **fixed og growth mindsets** er relevante for alle aldersgrupper, og blir rekna som eit vesentleg bidrag til

motivasjonsforskning. Er professor i psykologi ved Stanford University. Forfattar av fleire bøker, mellom dei **Mindset**.



James Nottingham

Leiar av **Sustained Success**. Selskapet gir råd og praktisk støtte til å utvikle framifrå læringsmiljø gjennom forbetring av læring, undervisning, kommunikasjon, kreativitet og leiarskap. James Nottingham har eit velfortent renommé som inspirerende

foredragsholdar. Leiar av den europeiske greina av **CDE** (Community Designed Education).



Barry Hymer

Pedagog og psykolog. Spesialområdet omfattar mellom anna **thinking skills og gifted education**. Mottakar av ICPIC-prisen i 2003. Tilknyttta University of Newcastle's Centre for Teaching and Learning. Har mellom anna skrive bøkene

Gifted & Talented Pocketbook og Gifts, Talents and Education: A Living Theory Approach.



Flora samfunnshus

Fredag 11. juni 2010 klokka 09.00-16.45

Praktiske opplysningar

Florø og Flora kommune ligg på Vestlandet om lag midt mellom Bergen og Ålesund.

Alle skular og barnehagar i Flora kommune er, saman med KF Innvandrarsenteret, deltakarar i Community Designed Education-prosjektet. Dette internasjonale nettverket utviklar leiarskap og læring mellom anna ved å stø seg på profesjonell forskning. Som del av dette prosjektet har personale og foreldre sett på Carol Dwecks teoriar om **fixed og growth mindsets** og rollen dei kan spele for barns vekst og forståing.

I år er det 150 år sidan kjøpstaden Florø blei grunnlagd. Dette feirar vi gjennom heile 2010, og vi er difor vel rusta til å vere vertskap for Carol Dwecks femte og avsluttande konferanse i Europa. I tillegg til sjølve konferansen fredag 11.06 tilbyr vi også andre aktivitetar både torsdag 10. og laurdag 12.06, der du som konferansedeltakar får høve til å oppleve kyst- og fjordlandskapet på sitt vakraste.

Som einaste arrangør i Norden ønskjer vi difor delegatar frå alle land vel møtt til å diskutere allmengyldige og sentrale forhold innanfor barns opplæring og vekst.



Foto: B Forfang

Enkelt å kome seg til Florø! DAT flyg direkte frå Bergen og Oslo fleire gonger dagleg. Konferansepris ved bestilling gjennom Florø Flyservice. Fjord1 sine ekspressbåtar går frå Bergen til Florø morgon og ettermiddag.

Onsdag 09.06

Velkomstmiddag på Quality Maritim Hotell, Florø

Torsdag 10.06

10.00-15.00 Skule-, barnehage- og bedriftsbesøk inkl. lunsj

18.00-22.00 Tur med galeasen 'Svanhild' eller frysafari eller fottur til Brandsøyåsen

Fredag 11.06

09.00-16.45 Konferanse

19.00 Festmiddag

Laurdag 12.06

Busstur til Kjenndalsbreen, Loen

Konferanseprogram fredag 11.06

08.30-09.00 Registrering og kaffi

09.00-09.15 Velkommen

09.15-10.15 Introduksjon til Fixed og Growth Mindsets (Dr. Barry Hymer)

10.15-10.45 Kaffi

10.45-12.00 Hovudforedrag av professor Carol Dweck

12.00-13.00 Lunsj

13.00-14.15 Mindsets i Flora (James Nottingham)

14.15-15.00 Diskusjon, kaffi og innsamling av spørsmål

15.00-16.15 Ekspertpanel (inkl. professor Dweck, professor Carol McGuinness og professor Arild Raaheim) svarer på spørsmål

16.15-16.45 Plenum

Konferansespråk: Engelsk

Prisar

Konferanse	Kr 2.900 / GBP 299
Velkomstmiddag 09.06	Kr 450
Skule/barnehage/bedrift	Kr 150
Tur med 'Svanhild'	Kr 500
Frysafari	Kr 500
Tur til Brandsøyåsen	Kr 150
Tur til Kjenndalsbreen	Kr 900
Festmiddag 11.06	Kr 650